

2024 - 2028

Alkoholpolitiske retningsliner

Informasjon

Godkjent i Kommunestyre 11.06.24 – K-sak
056/24



Innhald

1. Generelt.....	3
2. Skjenkeløyve	3
2.1. Faste skjenkeløyve.....	3
2.2. Unnateke løyve.....	3
2.3 Idrettshallar	4
2.4. Utandørs serveringsareal	4
2.5. Ambulerande løyve	4
2.6. Løyve for eit einskildhøve.....	4
2.7. Vakthald og ansvar	4
3. Tider for skjenking av alkohol.....	4
Campingplassar:	5
4. Salsløyve	5
4.1 Salstider:	5
4.2 Nettsal:	5
4.3 Sal av alkohol i sjølvbetente/digitale butikkar	5
5. Ansvar og mynde	6
6. Andre forhold	6
6.1. Sals- og skjenkekонтрол.....	6
6.2. Rapportering av omsetning	6
6.3. Internkontroll	7
6.4. Ansvarleg vertskap	7
7. Kontroll og sanksjonar.....	7
Oversikt over prikketildeling	7
8 prikker.....	7
4 prikker.....	7
2 prikker.....	7
1 prikk.....	8



1. Generelt

Dei alkoholpolitiske retningslinene som her vert presentert gjeld for løyveperioden 2024 til 2028, og er grunnlag for tildeling av løyve for sal og skjenking i denne perioden. Den enkelte søknaden om sal og skjenkeløyve for alkoholvarer skal handsamast i samsvar med dei alkoholpolitiske retningslinene.

Alkohollova av 01.01.98 med endringar av 01.01.16 med forskrifter legg grunnlag for retningslinene. Alkohollova gjeld for alle område innan sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarer.

Kommunen har som mål å avgrensa samfunnsmessige og individuelle helseskadar gjennom kontrollert bruk av alkoholhaldige drikkevarer. Ved praktisering av retningslinene skal det takast omsyn til eit godt bu- og oppvekstmiljø. Det bør også takast omsyn til at kommunen er ein del av ein turistregion. Løyvepolitikken skal vera forutsigbar og med retningsliner som gir næringa godt driftsgrunnlag og konkurransevilkår. Kontroll av tildelte løyver skal sikra at sal og skjenking skjer i tråd med lov og retningsliner.

Løyveperioden er 4 år. Løyveperioden 2020 – 2024 er slutt 30.09.2024, jf. Alkohollovas § 1-6. Det er i lova opna for vidareføring av løyver utan søknad, men dette må takast opp og vedtakast i kvar kommunestyreperiode. Det kan setjast vilkår for vidareføringa.

Forslag til endring for perioden 2024-2028 at faste løyve sender inn ein enkel søknad om ein ønskjer å vidareføra løyvet. Det vert då administrativt skreve ut nytt løyve for 4 år. Ved tildeling og fornying av løyve skal det leggjast vekt på om søker er å sjå på som eigna til å ha sals- eller skjenkebevilling. Forhold knytt til vandel skal leggjast vekt på, jf. alkohollova § 1-7 b og c, og det vert tatt omsyn til tidlegare erfaring med søkeren si utøving av løyve som:

- ▼ Brot på vilkår som er sett for løyvet
- ▼ Brot på skjenke – eller aldersreglar
- ▼ Endring av driftskonsept utan godkjennung
- ▼ Klandreverdige ordenstilhøve ved serveringsstaden
- ▼ Brot på reklamereglane

2. Skjenkeløyve

2.1. Faste skjenkeløyve

Ved tildeling av løyve for både faste og einskildhøve skal det leggjast vekt på tal sals- og skjenkestader, målgruppe, staden der det er søkt om løyve, trafikk og ordensmessige tilhøve.

Hotel, restaurantar, pubar og andre lokale eller overnattingsstader som primært driv med servering av mat/drikke kan søkja om fast skjenkeløyve. Hovudutvalet gjer vedtak for faste løyve.

2.2. Unnateke løyve

Det vert ikkje gitt skjenkeløyve til følgjande:

- Det vert ikkje gitt alminneleg skjenkeløyve til verksemder knytt til skular og barnehagar.
- Det vert som hovudregel ikkje gitt skjenkeløyve ved idrettsarrangement og arrangement som er spesielt retta mot på barn og unge.

- Det vert ikkje tildelt skjenkeløyve til servering i kjøpesenter/butikkområde i tidsrommet når butikkane har ope.
- Det vert ikkje gitt skjenkeløyve til gatekjøkken, bensinstasjonar, kioskar og liknande. Jf. alkoholforskrifta Kap. 3 - § 3-4.

2.3 Idrettshallar

Skjenking i idrettshallane i Etne og Skånevik.

Det kan gjevast skjenkeløyve til idrettshallane i Etne og Skånevik når skjenketida ikkje omfattar skuletida.

2.4. Utandørs serveringsareal

Verksemda kan ha løyve for dei same drikkevarer ute som inne. Området for skjenking skal vera særskilt angitt/avgrensa og godkjent av kommunen.

Ute-servering skal kunne gå føre seg utan sjenanse for omgivnaden og utan fare for at det kan skje uhell. Det vert lagt til grunn som sjølvsagt at politivedtekten vert haldne og at verksemda sikrar at retningsgjenvante støyverdiar vert haldne i forhold til kringliggjande bygningar/bustader.

2.5. Ambulerande løyve

Kommunen kan tildele inntil 2 ambulerande løyve jf. alkohollova § 4-5. Ambulerande løyve vert berre gitt til slutta lag etter søknad retta til kommunen. Definisjon av slutta lag skal til ei kvar tid tolkast ut frå det alkohollova og tilhøyrande regelverk som ligg til grunn. Søknadar må vera mottatt i kommunen seinast 2 veker før arrangement.

2.6. Løyve for eit einskildhøve

Kommunen kan gi løyve for eit einskildhøve for opne arrangement og festivalar. Ved ute-arrangement vert det som hovudregel berre gitt løyve til alkoholhaldig drikk gruppe 1 og gruppe 2. Søknadar må vera mottatt seinast 4 veker før arrangement. Festivalar som går over fleire dagar skal handsamast av Hovudutvalet og må søkjast om i god tid, minst 8 veker før.

2.7. Vakthald og ansvar

Løyvehavar har ansvar for å syta for tilstrekkeleg vakthald. Arrangementet må vera godkjent frå politiet si side for at løyvet skal vera gyldig. Løyvehavar er ansvarleg for at lov, forskrifter og reglar vert fylgte og må gi tilstrekkeleg opplæring til vakter og anna personell.

3. Tider for skjenking av alkohol

I Etne kommune er det slik skjenketid for alkoholhaldig drikk:

- ▼ For øl og vin inntil 22 vol.% alkohol: kl. 08.00 til kl. 01.30
- ▼ For brennevin over 22 vol.% alkohol: kl. 13.00 til kl. 01.30

Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøyra seinast 30 minutt etter skjenketida er slutt.
Skjenketidene gjeld og for ambulerande skjenkeløyve og søknad om skjenkeløyve ved enskildhøve.

Campingplassar:

Skjenketida er i perioden 15.5. – 15.9 er avgrensa frå kl. 08:00 til 22:00 for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 og frå kl.13:00 til 22:00 for alkoholhaldig drikk gruppe 3. Skjenketida i perioden 16.9. – 14.5 for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er frå kl. 08:00 til 01:30 og for alkoholhaldig drikk gruppe 3 frå kl.13:00 til 01:30. Skjenketida er lik både inne og ute.

4. Salsløyve

AS Vinmonopolet vert gitt salsløyve til sal av alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent alkohol. Løyvet vert innvilga etter søknad.

Ordinære daglegvareforretningar kan etter søknad få løyve til sal av alkoholhaldige varer med inntil 4,7 volumprosent alkohol (gruppe 1), jf. alkohollova § 3-1.

4.1 Salstider:

Det er ikkje tillate med ølsal på sørn- og heilagdagar. Det er heller ikkje tillate med ølsal 1. og 17.mai.

Kvardagar	08.00 – 20.00
Laurdagar	08.00 – 18.00
Onsdag før skjærtorsdag	08.00 – 18.00
Påskeaftan	08.00 – 18.00
Dagen før 1. mai	08.00 – 20.00
Dagen før 17. mai	08.00 – 20.00
Onsdag før Kristi himmelfartsdag	08.00 – 20.00
Pinseaftan	08.00 – 18.00
Julaftan	08.00 – 18.00
Nyttårsaftan	08.00 – 18.00

Merk: dersom jul- eller nyttårsaftan fell på ein søndag, er det ikkje tillate med ølsal.

4.2 Nettsal:

Etne kommune opnar for nettsal. Eventuelle søknadar skal handsamast i Hovudutval. Søkjær må leggja fram dokumentasjon når det gjeld bestilling, levering og internkontroll jf. § 3-2 i alkohollova.

4.3 Sal av alkohol i sjølvbetente/digitale butikkar

Etne kommune opnar ikkje opp for sal av øl i tida der butikken ikkje er betjent med personale.

5. Ansvar og mynde

Kommunestyret vedtar alkoholpolitiske retningslinjer i forkant av ny løyveperiode. Tildeling av løyver vert handsama i samsvar med kommunen sitt vedtekne delegasjonsreglement. I reglement for Hovudutvalet sine arbeidsoppgåver heiter det:

- Alkoholpolitikk/tildeling, skjenkeløyve (Alkohollova)

Kommunedirektøren har delegert følgjande mynde etter alkohollova:

- ▼ Fornyng av faste sals- og skjenkeløyve for perioden 2024-2028
- ▼ Tildeling av ambulerande skjenkeløyve
- ▼ Tildeling av skjenkeløyve for enkelthøve inntil ein dag
- ▼ Utviding av skjenketid for faste løyve ved enkelthøve
- ▼ Utviding av skjenkeareal for faste løyve ved enkelthøve
- ▼ Godkjenna endring av styrar og reservestyrar for sals- og skjenkeløyve
- ▼ Fastsetja det årelege gebyret for faste løyve og skjenkeløyve ved eit einskildhøve
- ▼ Inndra sals- og skjenkeløyve for inntil 2 veker ved brot på reglane

6. Andre forhold

6.1. Sals- og skjenkekонтroll

Etter alkohollova skal kommunen ha kontrollordning som tar vare på kommunen si plikt til å kontrollera løyva. Kontrollordninga skal prioriterast høgt.

Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketider, aldersgrenseregler, og at det ikkje vert seld eller skjenka til personar som er openbart påverka av rusmiddel.

Alle sals- og skjenkestadar skal kontrollerast minimum ein gong pr år, og det totale talet på kontrollar skal være minimum tre gongar så mange som talet på bevillingar.

Kontrollane skal i størst mogeleg grad gjerast i periodar og på døgnet når det er flest besøk/kundar.

Hovudutvalet er kontrollorgan for kommunale sals- og skjenkeløyve.

Etne kommune skal nytta inngått vertskommune samarbeid , NoRoSun skjenke- og salskontroll. Sauda kommune er vertskommune for samarbeidet.

6.2. Rapportering av omsetning

Løyvehavar er pliktig til å rapportera til kommunen mengde omsett alkohol for kvart år innan 1. mars påfølgjande år. Omsetningstala dannar grunnlag for utrekning av gebyr som til ei kvar tid føl dei maksimale satsane som er fastsett i forskrift.

Gebyr for ambulerande løyve og for enkelthøve føl også dei maksimale satsane i forskrift, men for større arrangement skal gebyret reknast som for alminneleg løyve.

Sals- og skjenkeavgiftene skal dekkje kommunen sine utgifter til kontrollordning.

6.3. Internkontroll

Løyvehavar skal ha internkontroll for verksemda si, og som ein del av denne skal bedrifa gjennomføre opplæring i alkohollova for dei tilsette. Bedrifa må ha gode, rutinar som kan dokumenterast for å sikra at drifta er forsvarleg og i samsvar med regelverket. Helsedirektoratet har gitt ut «Guide til god internkontroll etter alkoholloven»

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/alkohol/guide-til-god-internkontroll-etter-alkoholloven>

Her får ein god informasjon og kva krav som vert sett til internkontroll. Alle faste løyve vert pålagt å ha internkontrollsysten.

6.4. Ansvarleg vertskap

Alle faste skjenke- og salsløyve pliktar å gjennomføra digitalt kurs i 'Ansvarleg vertskap' for styrar og reserverestyrar. Løyvehavar skal gjennomføra tilsvarende opplæring med sine tilsette og dokumentera dette som ein del av internkontrollen.

7. Kontroll og sanksjonar

Kommunen skal kontrollera sals- og skjenkeløyve i samsvar med alkohollova. Det skal kvart år gjennomførast 3 gonger så mange kontrollar som tal sals- og skjenkestader.

Brot på alkohollowerket eller vilkår til løyvet medfører prikketildeling etter alkoholforskrifta kapittel 10. Dersom løyvehavar har fått 12 prikker i løpet av to år, skal kommunestyre inndra løyvet i ei veke. Dersom det vert tildelt meir enn 12 prikker skal lengda på inndragninga aukast tilsvarende.

Oversikt over prikketildeling

8 prikkar

- ▼ Sal , utlevering eller skjenking til person under 18 år
- ▼ Brot på bistandsplikta
- ▼ Brot på kravet om forsvarleg drift
- ▼ Hindring av kommunal kontroll

4 prikkar

- ▼ Sal og skjenking til openbart rusa personar
- ▼ Brot på tidsføresegnene
- ▼ Skjenking av alkoholhaldig drikk over 22 vol.% til person på 18 eller 19 år.
- ▼ Brot på alderskravet til den som sel eller skjenkar alkohol

2 prikkar

- ▼ Openbart rusa personar i lokalet
- ▼ Manglar ved internkontroll
- ▼ Manglande levering av omsetjingsoppgåve innan fristen
- ▼ Manglande betaling av gebyr for løyvet
- ▼ Brot på krav om styrar og reserverestyrar
- ▼ Gjenteken narkotikaomsetnad på skjenkestaden

▼ Gjenteken diskriminering

1 prikk

- ▼ Brot på kravet om alkoholfrie alternativ
- ▼ Brot på reglane om skjenkemengde
- ▼ Konsum av medbrakt alkohol
- ▼ Gjester tar alkohol ut av skjenkestaden
- ▼ Brot på plassering av alkohol på salsstaden
- ▼ Brot på vilkår i løyvevedtaket
- ▼ Brot på reklameforbodet
- ▼ Andre brot som vert omfatta av alkohollova § 1-8 fyrste avsnitt

